

Grunna utfordringar med formatering og lagring ligg fullstendig saksframlegg som vedlegg til saka.

Det originale saksframlegget inneheld naudsynt informasjon, men manglar tabellar.

Desse kjem fram av dette vedlegg som elles er identisk med saksframlegg.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
	Ungdomsrådet	PS	
	Funksjonsnedsettes Råd	PS	
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Målfrid Selvik Årthun		24/357

Høyring framtidig organisering av oppvekst

Kommunedirektørens forslag til vedtak

1. Kommunestyret legg til grunn at følgjande prinsipp og føringar vert lagt til grunn for vidare utvikling av oppvekstsektoren i Sauda kommune:
 - 1.1 Sauda kommune ønskjer primært å tilby barnehageplass som eit offentleg tilbod.
 - a) Det blir laga ein plan for oppgradering av dei kommunale barnehagane jamfør alternativ 0 + for barnehage. Det blir også vurdert behov for kapasitetstilpassingar i samband med oppgraderingane.
 - b) Det er vurdert at Sauda kommune har behov for tre barnehagar i framtida. I samband med oppgradering etter 0 + alternativet, blir det planlagt og investert slik at det er mogleg å drive tre kommunale barnehagar med robuste fagmiljø.
 - c) Ingen kommunale barnehagar skal over tid ha færre enn 30 barn, av omsyn til robuste fagmiljø. Om barnetalet i framtid blir sterkt redusert, gjer

investeringane og oppgraderingane det mogleg å samle barna i to kommunale barnehagar.

1.2 Sauda skal i framtida ha ein felles barneskule

- a) Kommunestyret ber kommunedirektøren om å iverksetje eit forprosjekt for utgreiing av ein ny felles barneskule i Sauda.
- b) Kommunedirektøren blir bedt om å kome tilbake til kommunestyret med ei sak, kor alternativ 3b og alternativ 4 for skule er utgreidd og vurdert. Det er naturleg at ein ser utgreiingsarbeidet saman med punkt 1.1. b), basert på behov for areal.
- c) Kommunestyret ber kommunedirektøren om oppdatering undervegs i prosjektet.

2. Fram til det kan etablerast ein felles barneskule, ber kommunestyret kommunedirektøren om å iverksetje alternativ 2 a frå og med skuleåret 2025-26.

- a) Kommunestyret ber kommunedirektøren om å iverksetje naudsynte tilpassingar og tiltak for å lage ein trygg og god overgang for elevar, tilsette og føresette.
- b) Dei to skulane skal ha høg grad av samhandling for å sikre ein heilskapleg samanheng i utdanningsløpet, og sikre alle barn ein trygg og god overgang mellom skuleslaga.

3. Kostnadar til vidare arbeid blir innarbeidd i tertialrapport 2/2024, og i budsjett 2025.

4. Kommunedirektøren blir bedt om å koma tilbake med ei sak om etterbruk av skulebygg- og anlegg.

5. Kommunestyret legg saka ut på høyring, med høyringsperiode 24. juni – 02. august

Føremål med saka

Ta stilling til organisering av framtidens oppvekst, og leggje kommunestyret sitt vedtak ut på høyring. Sikre informasjonsinnhenting frå innbyggjarane i ei sak som vedkjem mange.

Føremålet med ei høyring er å sikre god belysning av ei sak, førebu dei saka vedkjem på kva som kan bli vedteke, samt gi dei høve til å påverke utfall av saka.

Samandrag

Kommunestyret vedtok eit prosjektmandat om framtidig organisering av oppvekst 21.februar 2024.

Basert på prosjektet har prosjektgruppa samrøystes gitt tilråding om at følgjande alternativ vert lagt til grunn for vidare utvikling av oppvekstsektoren i Sauda kommune:

1) Barnehage:

Alternativ 0 +, med oppgradering av dei kommunale barnehagane. Det er vurdert at Sauda har behov for tre barnehagar i framtida.

2) Skule:

Alternativ 3 b ved å byggje ein ny skule på tomta til Austarheim skule

Alternativ 4 ved å byggje ein ny skule sentrumsnært. Fleirtalet i prosjektgruppa ønskjer alternativ 4.

Kommunedirektøren har i hovudsak slutta seg til forslaga frå prosjektgruppa.

Kommunedirektøren er av den oppfatning at ein bør endre skulestrukturen i to steg:

Steg 1:

Alternativ 2a: Ein samlar årskulla fordelt på 1. – 4.klasse i eitt bygg, og 5. – 7.klasse i eitt bygg, frå og med skuleåret 2025-26.

Det er kommunedirektøren sine vurderingar at dette vil gi meir og betre kvalitet, kompetanse, betre ressursutnyttelse, betre læringsmiljø og betre føresetnadar for utvikling, enn dagens struktur.

Dette er i samsvar med vurderingane til Norconsult.

Steg 2:

Ein samlar årskulla på ein felles, ny barneskule for 1. – 7.trinn.

Kommunestyret har tidlegare bestemt at saka skal på høyring.

Høyringa blir delt i 5 deler, og for kvart av desse områda er det laga spørsmål som ein ønskjer tilbakemelding på.

Høyringsperioden er sett frå 24.juni til 02.august, og blir open for alle.

Love og reglar

[Barnekonvensjonen, pkt 3 \(forkorta utgåve\)](#)

[Grunnlova, § 104, 2 ledd](#)

Folkehelseloven § 4

Opplæringslova

Barnehagelova

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular

Plan- og bygningslova

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

[Prosjektmandat for framtidig organisering av oppvekst](#)

[Budsjett 2024, Økonomiplan 2024 – 2027](#)

Folkehelse

Saka om høyring omhandlar noko som kan ha stor effekt på barna si folkehelse. Barnehagar og skular er viktige arenaer for barns utvikling og læring, sosialt, fagleg, emosjonelt og fysisk.

Konsekvensar for barn, unge, eldre og funksjonsnedsette

Saka som høyringa omhandlar kan ha store konsekvensar for barn, unge og funksjonsnedsette.

Universell utforming av bygg og anlegg (ute og inne) gir eit inkluderande læringsmiljø som er bra for alle.

Økonomiske konsekvensar

Det er ingen økonomiske konsekvensar av sjølve høyringa.

Dei tiltak som blir tilrådd i høyringa vil gi store økonomiske konsekvensar for Sauda kommune. Desse blir innarbeidd i tertial 2/2024 og i budsjett 2025, og i påfølgjande økonomiplanar.

Med dagens rentenivå utgjer dette ein snittkostnad på 24 millionar kroner per år i 20 år ved lån av 300 millionar kroner, med ein startkostnad på 32 millionar kroner.

Om ei slik investering skal lånefinansierast må desse kostnadane dekkast inn med reduserte driftsutgifter på tenestene.

Fakta

Denne høyringa gjeld framtidig organisering av barnehagar og skular i Sauda.

Innkomne uttaler

Fagrørsler, samarbeidsutval og referansegruppa har gitt prosjektgruppa innspel undervegs i arbeidet.

Innspel til barns beste vurderinga:

https://www.sauda.kommune.no/f/p14/ia28e50c5-02fb-45c3-8688-3d5aaa04ac9a/innspeltil-barns-beste-vurdering_framtidig-organisering-av-oppvekst.pdf

Innspel til framtidsbiletet:

https://www.sauda.kommune.no/f/p14/ie4e82b12-4130-4430-ad92-8cc2096c0d6a/innspeltil-framtidsbilete_framtidig-organisering-av-oppvekst.pdf

Innspel til dette saksframlegget:

https://www.sauda.kommune.no/f/p14/i60e09d10-e65b-43c2-bf91-3044e99cef96/innspel-tilsaksframlegg_hoyring-framtidig-organisering-av-oppvekst.pdf

Vurdering og konklusjon

Det er vurdert at høyringa, blir lagt opp med informasjon, beskriving og spørsmål som følgjande:

Informasjon

Om høyringa

Denne høyringa gjeld framtidig organisering av oppvekst i Sauda, basert på prosjektmandatet som blei vedteke av kommunestyret 21.februar 2024.

Denne høyringa inneheld kommunedirektøren sine vurderingar av kvalitet i barnehagar og skular, samt forslag til framtidig barnehage- og skulestruktur.

Høyringsfristen er 02.august, og høyringa er open for alle.

Høyringsinnspel blir sendt via digitale skjema, og det er mogleg å gi innspel til ein eller fleire deler, eller heile høyringa.

Spørsmål til høyringa kjem fram i saka og det digitale skjema. Innbyggjarar som treng hjelp til å svare i digitalt skjema, kan ta kontakt med Kundetorget.

Høyringa blir lagt ut på kommunen sine heimesider, med informasjon som i denne saka og dei aktuelle vedlegg.

Skjema for innsending av høyring blir også lagt ut på same området.

Informasjon om høyring vil også bli publisert i sosiale medier og annonsert i lokalavisa «Ryfylke.»

Bakgrunn

Bakgrunnen for saka er vedtak av verbalpunkt 21 i samband med handsaming av budsjett- og økonomiplan 2024- 2027.

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å presentere en sak for kommunestyret med forslag til mandat for en utredning av fremtidig organisering av oppvekstsektoren (barnehage og skole).

Utredningen skal i særlig grad belyse kvalitet, ressursutnyttelse, kompetanse, læringsmiljø og utvikling.

Kommunestyret er opptatt av at prosessen med utredningen er godt forankret, og ber kommunedirektøren om sikre medvirkning fra samarbeidsutvalg og de ansatte sine organisasjoner.

Prosjektmandatet blei vedteke av kommunestyret 21.februar 2024, med krav om at saka skal ut på høyring.

Del 1 av høyringa: Barns beste vurdering

Barnekonvensjonen art 3 og art 12, Grunnloven § 104 og forvaltningslova § 17 gir alle barn rett til å bli høyrte i saker som vedkjem dei, og at barns beste skal vere eit grunnleggjande omsyn.

I ei barns beste vurdering treng ein eit breitt informasjonsgrunnlag, som ein deretter skal vurdere og vekte: Kva skal telje mest?

Endeleg skal ein vise barns beste vurderinga, gjennom å dokumentere kva som er lagt vekt på og grunngje dette.

I denne barns beste vurderinga er det å innfri barns rettar (lovkrav), som bidreg til at me innfrir dei nasjonale mål for barnehage og skule, vekta høgast.

Deretter kjem barns interesser og behov, og til slutt andre interesser og behov i saka.

Innspel frå medverknadsaktørar som er vekta høgt i denne barns beste vurderinga:

- *Barns egne syn og meninger: Trygge og gode barnehagar og skular, der alle barn får hjelp og støtte dei treng. Barnehagar og skular der alle kan finne ein ven. For skule synes barna det har stor verdi å sykle eller gå til skulen. Bygga må vere trygge og gode. (Barn i barnehagane er ikkje høyrte direkte, men via føresette sine svar og innspel)*
- *Alle barn sin rett til å vere inkludert i fellesskap med andre, til å oppleve gode venskap*
- *Alle barn sin rett til å få utdanning av lærarar med godkjent kompetanse, eit likeverdig tilbod*
- *Alle barn sin rett til å få oppleve meistring, og få nok og kvalifisert hjelp når dei strevar*
- *Universelt utforma og helsefremjande bygg og anlegg, som gir likeverdig deltaking*

Innspel frå medverknadsaktørar som også er viktige, men som har fått lågare vekting i barns beste vurderinga:

- *Behov for skuleskyss*

- *Bustadprisar og bulyst*
- *Rekruttering av nye innbyggjarar*
- *Nærmiljøverdiar, barnehage og skule lokalt*
- *Overgang til noko ukjent*
- *Søsken på same skule*

Fullstendig barns beste vurdering ligg som vedlegg til høyringssaka. Desse vurderingane ligg til grunn for vidare arbeid i saka.

I høyringa ber me om innspel til følgjande:

Er de samde i vurderingane av det som er vekta høgt i saka, og det som har lågare vekting i saka?

- ☐ Ja
- ☐ Nei
- ☐ Veit ikkje

Kommentar

Del 2 av høyringa: Nå-biletet

Eit nå-bilete fortel om korleis situasjonen er vurdert å vere på dei ulike områda som er definert i prosjektmandatet.

Dette er område som er viktig for å nå dei nasjonale sektormåla for utdanning i barnehage og skule.

Det er Norconsult som har skaffa informasjonsgrunnlag til nå-biletet.

Sauda ungdomsskule har ikkje vore del av utgreiingsarbeidet til Norconsult. Basert på det vedtekne prosjektmandatet, som har framtidig organisering av oppvekst som eit utgangspunkt, har Kommunedirektøren jobba med oppdraget ut frå ei forståing om at det er organisering av barnehagane og barneskulane ein ønskjer å greie ut.

Basert på innspel i prosessen, kjem det fram at det er ønska informasjon også om Sauda ungdomsskule. Vedlagt saka ligg eit notat som gir faktagrunnlag om Sauda ungdomsskule. Dette er utarbeidd av administrasjonen.

Utover dette kjem nokre resultat frå ungdomsskulen fram av rapporten frå Norconsult. Mykje av det som blir omtalt for barneskulane, gjeld tilsvarande for Sauda ungdomsskule.

Under er det lista opp nokre utdrag frå nå-biletet for barnehagane og barneskulane våre, basert på prosjektmandatet. Fullstendig nå-bilete får de ved å lesa rapporten frå Norconsult.

Kvalitet:

Styrkjer:

- *Alle dei kommunale barnehagane held høg fagleg standard på det pedagogiske tilbodet*
- *Skulane bidreg, i snitt, positivt til elevane sitt læringsutbyte på småskuletrinnet, målt i skulebidragsindikator*
- *Alle barnehagane og skulane er viktige i sitt nærmiljø, og barn, tilsette og føresette er stolte av og glade i barnehagen og skulen sin*

Utfordringar:

- *Det ser ut til å vere stor variasjon i kva læringsutbyte elevane får, mellom år, mellom skular og mellom klasserom*
- *Det ser ut til å vere ei oppleving at ikkje alle elevane får den hjelpa dei treng i skule, når % spesialundervisning er redusert. Det er behov for å sjå på ei betre og meir systematisk organisering av tidleg innsats-tiltaka som skulane pliktar å gi barna.*
- *Bygga våre har bygningsmessige behov/utfordringar. Nokon av betydeleg art. Dei største utfordringane er avdekka i skulebygg, jamfør å vere ein skule for vår tid, møte lovkrav og vere tilpassa alle barn sine behov og rettar*

Ressursutnytting:

Styrkjer:

- *Barnehagane er innanfor bemanningsnorm og skulane er innanfor lærarnorm*
- *Barn i barnehagane og skulane har godt med fysisk plass*
- *Barnehagane lukkast godt med tverrfagleg samarbeid, både mellom barnehagane og med tverrfaglege tenester gjennom BTI-modellen*

Utfordringar:

- *Det er ulik fordeling av ressursar mellom barnehagane og skulane, og dermed ulike høve til å tilby kvalitet i tilbodet.*
- *Det er ulik kompetanseprofil i skulane, og det er små og sårbare fagmiljø. Spesielt i dei minste barnehagane og den minste skulen. Rekruttering av lærarar til barnehage og skule er utfordrande nå, og det er venta å bli utfordrande framover*
- *Samla sett har me leiarressurs på snitt med land, men fordelt på einingane er det låg leiarkapasitet i barneskulane og Veslefrikk barnehage.*

Kompetanse:

Styrkjer:

- *Det er høgt pedagogisk kunnskapsnivå i barnehagane.*
- *God erfaringsbasert og formell leiarkompetanse. Leiarane i barnehage og skule har, eller er undervegs til å få, formell leiarutdanning*
- *Det er høg del av dei tilsette i SFO som har fagbrev. Leiar for SFO har pedagogisk høgskuleutdanning*

Utfordringar:

- *Få lærarar med formell spesialpedagogisk kompetanse*
- *Det er små og sårbare fagmiljø i barnehagar, skular, SFO og tverrfaglege tenester til å gi alle barn rett hjelp til rett tid, og utfordringar i samhandling mellom tverrfaglege tenester og skule*
- *Stor variasjon i tilsette sin kompetanse innan digitalisering og utdanningsteknologi*

Læringsmiljø:

Styrkjer:

- *Skulane har lukkast godt med å skape trygge skulemiljø. Dei fleste elevane trivst og har vener*
- *Dei fleste barna kan sykle eller gå til skulen*
- *Dei fleste barn seier dei har gode relasjonar til tilsette*

Utfordringar:

- *Ujamne klassekull mellom skulane, og få elevar av same kjønn på fleire trinn • Leabøen barnehage, Risvoll skule og Fløgstad skule har ikkje eit fysisk miljø som gir likeverdig tilgang for alle, dei er ikkje universelt utforma jamfør dagens krav • Ingen av skulane innfrir nye arealkrav til individuelle arbeidsplassar for lærarane*

Utvikling:

Styrkjer:

- *Sauda kommune har utarbeidd eit kvalitetsutviklingssystem og samanheng i planar som gir eit godt grunnlag for vidareutvikling og forbetring • Barnehagane jobbar strukturert og målretta med barnehagebasert kompetanseutvikling*

Utfordringar:

- *Sauda kommune sitt system for kvalitetsutvikling og planar er ikkje implementert godt nok ute i felten*

- *Spesielt skulane strevar med kapasitet til å følgje opp alle nasjonale og lokale krav og forventningar*

Fullstendig analyse og vurdering av styrkjer og utfordringar finn de i Norconsult sin rapport:

<https://www.sauda.kommune.no/f/p14/i8658e6f4-3b2e-4c1b-88e761fe490af38f/kunnskapsgrunnlag-framtidas-oppvekst-i-sauda-150524.pdf>

I høyringa ber me om innspel til følgjande:

Opplever de at nå-biletet/beskrivinga, slik det kjem fram av fullstendig rapport frå Norconsult, gir eit realistisk bilete av slik tilbodet i barnehagane og skulane er i Sauda?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

Kommentar

Del 3 av høyringa: Framtidsbilete

Framtidsbilete gir ei nærare beskriving av kva som er den ønska situasjonen, korleis me vil at barnehage- og skuletilbodet skal vere for barn og unge.

Framtidsbiletet skal gi noko å strekke seg mot, og skal kunne realiserast uavhengig av kva struktur og organisering barnehagane og skulane har.

Basert på dei nasjonale måla for barnehage og skule, og dei mange innspel me har fått til kva som er eit godt barnehage- og skuletilbod, er det formulert eit framtidsbilete som er slik:

Våre barnehagar, skular og SFO

- *er ein stad med rom for mangfald, der alle opplever å bli sett, tolt og høyre til i leik og læring*
- *tilbyr alle barn eit leike- og læringsmiljø som fremjar god fagleg, sosial, emosjonell og fysisk utvikling*
- *har eit romsleg, fleksibelt og stimulerande fysisk miljø, ute og inne, der alle barn får vere aktive og lære gjennom å leike, eksperimentere, utforske og skape*

- *ser nærmiljøet som ei viktig kjelde for meiningsfull, praktisk og variert leik og læring*
- *har motiverte tilsette med oppdatert kompetanse, tid og ressursar til å tilpasse tilbodet til alle barn sine rettar, interesser og behov*
- *er ein arena for samskaping både mellom tilsette og med ulike tenester, som samla har kompetanse og erfaring til å løyse samfunnsoppdraget*

I høyringa ber me om innspel til følgjande:

Meinar de framtidsbiletet gir ei god framstilling av kva som bør kjenneteikna barnehage- og skuletilbodet i Sauda?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

Kommentar

Del 4 av høyringa: GAP-analyse

Ein GAP-analyse er ei vurdering av avstand mellom nå-biletet og framtidsbiletet.

Om nå-biletet og framtidsbiletet er relativt like, gir det grunnlag for å sei at organiseringa me har nå er god.

Om det er stor avstand (eit gap) mellom nå-biletet og framtidsbiletet, kan det vere grunnlag for å føreslå kompenserande tiltak i dagens struktur, eller endringar i struktur.

Det er prosjektgruppa og referansegruppa som har gjennomført GAP-analysen, basert på det lokalt utarbeidde framtidsbiletet. 21 personar har gitt sine vurderingar. Desse representerer ungdommar, tilsette, tillitsvalte og føresette.

Det er førebels rapport frå Norconsult som ligg til grunn for vurderingane, i tillegg til egne erfaringar, opplevingar og synspunkt.

Det er i lys av dette vurderingane må tolkast og brukast.

Vurderingsgrunnlag:

Måloppnåing		Beskriving
Høg		Det er ingen avstand mellom nå-biletet/-situasjonen og den ønska situasjonen (framtidsbiletet)
Nokså høg		Det er liten avstand mellom nå-biletet/-situasjonen og den ønska situasjonen (framtidsbiletet)
Middels		Det er middels avstand mellom nå-biletet/-situasjonen og den ønska situasjonen (framtidsbiletet)
Nokså låg		Det er ingen nokså stor avstand mellom nå-biletet/-situasjonen og den ønska situasjonen (framtidsbiletet)
Låg		Det er stor avstand mellom nå-biletet/-situasjonen og den ønska situasjonen (framtidsbiletet)

Framtidsbilete	Vurdering av status med dagens barnehagestruktur	Vurdering av status med dagens barneskulestruktur
Barnehagane, skulane og SFO		
-er ein stad med rom for mangfald, der alle opplever å bli sett, tolt og høyre til i leik og læring		
-tilbyr alle barn eit leike- og læringsmiljø som fremjar god emosjonell, sosial, fysisk og fagleg utvikling		
-har eit romsleg, fleksibelt og stimulerande fysisk miljø, ute og inne, der alle barn får vere aktive og lære gjennom å leike, eksperimentere, utforske og skape		
-ser nærmiljøet som ei viktig kjelde for meningsfull, praktisk og variert leik og læring		
-har motiverte tilsette med oppdatert kompetanse, tid og ressursar til å tilpasse tilbodet til alle barna sine rettar, interesser og behov		
-er ein arena for samskaping både mellom tilsette og med ulike tenester, som samla har kompetanse og erfaring til å løyse samfunnsoppdraget		

I høyringa ber me om innspel til følgjande:

Er de samde i dei vurderingane referansegruppa og prosjektgruppa har gjort i GAPanalysen?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

Kommentar

Del 5 av høyringa: Tiltak

I denne saka er tiltaka definert som kva organisering (struktur) som blir tilrådd for at framtidsbiletet og dei nasjonale målsettingane for utdanningstilbodet skal la seg realisera.

Kommunestyret vedtok at denne utgreiinga ikkje skal ha økonomi som eit vurderingsgrunnlag. Det er likevel del av prosjektmandatet at kommunedirektøren kostnadsreknar dei ulike alternativ. Det er Norconsult som har hatt dette oppdraget på vegne av kommunedirektøren.

Norconsult har vurdert og kostnadsrekna dei ulike alternativ/aktuelle tiltak på følgjande måte:

Grad av måloppnåing	Vurdering (V)	Forklaring
Høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i høg grad
Nokså høg		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså høg grad
Middels		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i middels grad
Nokså lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i nokså lav grad
Lav		Strukturalternativet fremjar målsetjinga i lav grad

BARNEHAGE:

1. Alternativ 0: Dagens organisering
2. Alternativ 0+: Dagens organisering, med oppgraderte bygg/nedskriving av kapasitet
3. Alternativ 1a : Leggje ned ein kommunal barnehage Leabøen.
4. Alternativ 1b : Leggje ned ein kommunal barnehage Rustå
5. Alternativ 2: Ein felles kommunal barnehage ved å byggje på ein av dei eksisterande.

Alternativ		Alt 0	Alt 0 +	Alt 1a	Alt 1b	Alt 2
Utvikling, kvalitet og kompetanse	Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagt kompetanse					
	Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap					
	Alternativet fremjar robuste leiarteam					
	Alternativet fremjar samarbeid med førstelinjetenesta (PPT, skulehelsetenesta, BVT m.fl.)					
Ressurs-utnytting	Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Sauda kommune					
	Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift					
Lærings-miljø	Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn, elevar og tilsette					
	Alternativet fremjar trygg trafikk situasjon og barnehageveg					
	Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn					
	Alternativet tilfredsstiller krav til godt og framtidssretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring					
	Alternativet tilfredsstiller krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn.					
	Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar					
Senter-utvikling og nærmiljø	Alternativet fremjar ønska senterutvikling og gode nærmiljø					

Kostnader barnehage

Alternativ BARNEHAGE	Beskriving	Anslått investeringskostnad, inkl mva	Årleg kapitalkostnad eks mva	FDV kostnader	Endring av lønskostnader (inkl sos.kostnad) Kun leiarressurs som utgjer endring pga bemannings- og pedagognorm
0	Dagens struktur	0	0	1,9 mill	0
0 +	Dagens struktur, med oppgradering av bygg	13,8 mill	0,6 mill	2,0 mill	0
1 a	Leggje ned Leabøen barnehage, elles som 0 +	4,6 mill	0,2 mill	1,8 mill	0,5 mill
1 b	Leggje ned Rustå barnehage, elles som 0 +	11,8 mill	0,5 mill	1,5 mill	0,5 mill
2	Utvide Veslefrikk barnehage, leggje ned Leabøen og Rustå	31,8 mill	1,5 mill	1,4 mill	1 mill

BARNESKULE:

Alternativa, oppsummert:

- 0: Dagens struktur
- 0+: Dagens struktur, oppgraderte bygg
- 1: Justerte kretsgrenser
- 2a: To skular: 1-4 Austarheim og 5-7 Fløgstad
- 2b: To skular: 1-7 Austarheim og Fløgstad
- 3a: Ein skule: Fløgstad
- 3b: Ein skule: Austarheim
- 4: Ny skule i sentrum

	Alternativ 0	Alternativ 0+	1	Alternativ 2a	Alternativ 2b	3a	Alternativ 3b	Alternativ 4
MALSETJING								
Utvikling, kvalitet og kompetanse								
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse								
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap								
Alternativet fremjar robuste leiarteam								

Alternativet fremjar samarbeid med førstelinjetenesta (PPT, skulehelsetenesta, BVT m.fl.)							
Ressursutnytting							
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne-, elev- og klassetal i Sauda kommune							
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift							
Læringsmiljø							
Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn, elevar og tilsette							
Alternativet fremjar trygg skuleveg							
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar							
Alternativet tilfredsstiller krav til godt og framtidsretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring							
Alternativet tilfredsstiller krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn.							
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar							
Senterutvikling og nærmiljø							
Alternativet fremjar ønska senterutvikling og gode nærmiljø							

Kostnader skule

Alternativ SKULE	Beskriving	Anslått investeringskostnad	Kapitalkostnad pr år skul mva	FDV kostnader	Endring av lønnskostnad	Skys
0	Dagens struktur	0	0	6,0 mill	0	0,16 mill
0 +	Dagens struktur, med oppgradering av bygg	174,6 mill	8,1 mill	6,8 mill	0	0,16 mill
1	Dagens struktur og justere skulekrinsgrenser	Alternativ lagt bort grunna nærskuleprinsippet og lovkrav rundt dette				
2	Leggje ned Risvoll skule					
	2a Småskulen (1.-4) i Austarheim og mellomtrinnet i Fløgstad (5.-7)	0 (utan oppgradering)	0 (utan oppgradering)		- 2,33 mill	0,72 mill
		116,1 mill	5,4 mill	5,0 mill		
	2b To barneskular 1.-7., Austarheim og Fløgstad skule	131,5 mill	6,1 mill	5,2 mill	- 1,95 mill	0,64 mill
3	Ein felles barneskule ved å byggje på ein av dei eksisterande					
	3a Byggje på Fløgstad skule	Alternativ lagt bort grunna krevjande bygg å byggje ut, og manglande areal				
	3 b Byggje på Austarheim skule	173,9 mill	8,1 mill	4,2 mill	- 5,64 mill	0,72 mill
4	Ein felles barneskule ved å byggje eit nytt skulebygg	249 mill	11,6 mill	4,2 mill	- 5,64 mill	0,72 mill

Basert på at Sauda kommune kun kan regulere drift av eigne barnehagar, tilrår Norconsult at Sauda kommune vurderer ei nedlegging av Leabøen barnehage.

Til grunn for dette ligg ei vurdering av bygga sine kvalitetar, og kor det bur flest småbarnsfamiliar.

Norconsult rår likevel Sauda kommune til å gjere ei heilskapeleg vurdering av korleis geografisk spreing av barnehagar skal vere i byen, basert på målsettingar i kommuneplan og barns beste-vurdering.

Norconsult tilrår at Sauda kommune byggjer ein felles barneskule, og at ein greier ut om den beste modellen er å byggja ut Austarheim skule, eller å byggje nytt sentrumsnært.

Basert på informasjonen frå Norconsult, arbeidsprosess, innspel og eigne vurderingar, har prosjektgruppa gitt kommunedirektøren følgjande tilråding:

Barnehage:

Alternativ 0 +

Oppgradering av alle dei kommunale barnehagane, med tilpassing av kapasitet, slik at ein kan drive tre kommunale barnehagar i Sauda.

Grunngjeving:

Sauda kommune har eit ansvar for at alle barn i Sauda får eit barnehagetilbod av god kvalitet. Informasjonsgrunnlaget frå Norconsult viser at alle dei kommunale barnehagane held høg pedagogisk kvalitet.

Barnehagane har også ei god geografisk spreiding i Sauda, og dekker sentrale områder for busetjing. Søkjartala til barnehagane viser også at spesielt Veslefrikk og Rustå barnehage jamt over har gode søkjartal.

Sauda kommune har eit ansvar for at kvaliteten på barnehagetilbodet er godt og likeverdig for alle barn, om det er kommunal, eller ideell privat eigar.

Prosjektgruppa vurderer at kommunalt eigarskap gir det beste høvet for ei heilskapleg tilnærming til å kunne utøve kvalitetsutvikling og -kontroll i barnehagane. Leiarar i kommunal barnehage kjem inn i ei større kommunal leiargruppe, både i eigen sektor og på tvers av sektorar, noko prosjektgruppa vurderer som ein styrkje for robust leiarskap.

Prosjektgruppa vurderer det også som ein styrkje at administrativ eigar gjennom deltaking i regionale fagnettverk får støtte til å ivareta den store og stadig meir komplekse oppgåva som barnehageeigar.

Det at barnehagar er under same styring, inneber ikkje at alle skal vere like. Prosjektgruppa er av den oppfatning at dei kommunale barnehagane tilbyr eit mangfaldig og variert tilbod.

For ein ideell privat barnehage, har kommunen kun ei rolle med å tilby rettleiing, og gjennomføre tilsyn. Kommunen har ingen styringsrett utover dette.

Prosjektgruppa erkjenner dei funn Norconsult har gjort, om at det berre vil vere behov for tre barnehagar i Sauda i framtida. Ved å ha eigarskap til tre barnehagar, kan kommunen tilpasse tal barnehageplassar, og eventuelt bygg, etter framtidig behov og etterspørsel.

Med skiftande fødselstal frå år til år, lokalt vedtak om rett til plass for alle 1-åringar og tilflyttarar, vil det kunne vere store variasjonar i behov for barnehageplassar frå år til år. For å handtere ei slik ordning, og samstundes oppretthalde eit trygt og godt pedagogisk tilbod for barna i alle barnehagane, vil det vere føremålstenleg med barnehagebygg som gjer at ein lettare kan ta opp og ned kapasitet etter behov. Til dømes ved å ha ein avdeling ekstra.

Kommunen har sjølv sagt ingen styring med drifta av den ideelle private barnehagen. Prosjektgruppa vil også streke under at desse vurderingane ikkje inneber ei nedvurdering av kvaliteten på tilbodet i denne barnehagen.

Prosjektgruppa er av den oppfatning at Sauda kommune har eit særskilt godt samarbeid med barnehagen, og at dei held ein høg kvalitet på barnehagetilbodet dei gir barna.

Barnehagar har ingen «skulekretsar», og det er føresette sjølv som vel kor dei søker plass til barna. Det blir derfor etterspørsel i kvar barnehage som avgjer om det blir behov for fleire framtidige grep i barnehagestrukturen.

Prosjektgruppa er av den oppfatning at dei kommunale barnehagane bør ha 50-60 barn som eit minstegrunnlag for drift, og ingen barnehagar bør over tid ha færre enn 30 barn.

Dette for å ha eit robust og godt lag med tilsette som skal gi mangfaldet av barn eit godt tilbod. Det bør vurderast nye grep i barnehagestrukturen om det over tid er under 30 barn i ein av dei kommunale barnehagane.

Løn er den store kostnaden i barnehagedrift, og det er lik bemanningsnorm om det er kommunal eller ideell privat barnehage. Pensjonskostnadane er noko av det som kan vere høgare i kommunal drift. Det er i hovudsak kommunen som finansierer drift også av private ideelle barnehagar, og kostnadane er rimeleg samsvarande med kostnadar for drift av dei kommunale barnehagane.

Barnehagane er definert som ein del av utdanningsløpet, og ved å ha eigarskapet får kommunen styringsrett over barnehagetilbodet. Tilsvarande som for skulane.

Prosjektgruppa sine vurderingar er at alternativ 0+, med kapasitetstilpassingar, er barns beste i denne saka.

Vidare er prosjektgruppa sine vurderingar at alternativ 0 + legg tilhøva godt til rette for at barnehagane kan halde fram det gode arbeidet sitt for å innfri den ønska situasjonen som framtidsbiletet beskriv, litt betre kvar dag.

Prosjektgruppa er einstemmige i sine vurderingar.

Kommunedirektøren stiller seg bak prosjektgruppa sine vurderingar om framtidig organisering av barnehage, og tilrår kommunestyret å gjere vedtak i tråd med dette.

Barneskule:

Prosjektgruppa tilrår følgjande organisering av barneskule:

Alternativ 4

Prosjektgruppa vurderer einstemmig at ein felles barneskule er den beste og mest framtidsretta løysinga for Sauda. Prosjektgruppa er einstemmige i denne vurderinga.

7 av medlemmene i prosjektgruppa ønskjer at denne skal byggjast sentrumsnært. 1 medlem ønskjer at denne skal byggjast på tomte til Austarheim skule, men som eit heilt nytt bygg.

Grunngjeving:

Alle erkjenner at ein vil miste noko, om ein legg ned dagens barneskular. Grendeskule har mange kvalitetar, og gir kjensler om noko trygt, godt og kjær.

Likevel er det prosjektgruppa sine vurderingar at det ein kan få ved å byggje eit nytt og moderne skulebygg, ein skule for vår tid, vil kunne gi elevlar, tilsette, føresette og øvrig samfunn meir enn me mistar.

Ein ny skule vil gje eit mykje betre grunnlag og forutsetningar for å møta krava i ny læreplan og anna lovverk, enn dagens skulestruktur kan tilby.

Det er gjort mange undersøkingar som visar at elevane treng ei meir praktisk og variert opplæring, og skuletilbodet må bli betre tilpassa mangfaldet av elevane.

Dei eldre skulebygg er i stor grad bygd for eit stillesittande liv, i ei tid der elevane hadde færre skuletimar.

Skal lærarane greie å vere meir kreative, nyskapande og innovative, med fokus på tverrfagleg samarbeid, meiner prosjektgruppa at ein ny skule heilt klart vil skapa betre forutsetningar for å utføre det viktige samfunnsmandatet skulen har.

I eit nytt og moderne skulebygg har ein gjerne eit musikkrom med eit rikt og variert utval av instrument, der skulebandet kan samle seg til øving. Eit moderne skulebygg har gjerne også ein arena for e-sport, og ein rikhaldig utstyrt verkstad for snekring, mekking og skruing. Eller ein skaparverkstad, der ein kan bruke programmering og teknologi kreativt og tverrfagleg. Ein skulegård som er ferdig rigga for fysisk aktiv læring, med rikhaldig og variert utstyr for leikprega undervisning, vil styrkje både den fysiske og kognitive utvikling.

I eit nytt og moderne skulebygg er tilhøva for å *lære gjennom å gjere* lagt godt til rette.

I tillegg har moderne skulebygg ein aula der ein kan samle heile skulen til presentasjon, korøving eller konsert.

Det er stadige drøftingar av om det skal innførast skulemat også i Noreg. Ein ny skule kan leggje tilhøva tilrette for slike tiltak som kan koma.

Sjølvsagt må eit nytt skulebygg også ha klasserom og andre læringssoner. Terping og øving må til for å meistre også i eit nytt skulebygg. Så ein mistar ikkje noko, men ein kan få meir.

I ein felles og moderne skule snakkar ein ikkje i same grad om behovet for alternative opplæringsarenaer eller særskilte tilrettelagt opplæringstilbod i andre bygg, for elevar som treng noko anna.

I eit moderne skulebygg er det plass til alle elevar ved skulen, ved at dei fysiske forhold er lagt til rette for at alle kan oppleve meistring og mening, tilpassa sitt funksjonsnivå.

Det er robuste fagteam innan spesialundervisning og særskilt språkopplæring, som har kompetanse til å gi elevane det dei har rett på og behov for. Og det er eit leiarteam som samla har kapasitet og kompetanse til å handtere både administrasjon og pedagogisk utvikling av skuletilbodet.

SFO har sin eigen base, med rom og utstyr som er tilpassa leik og aktivitet som gir eit variert og alderstilpassa tilbod for barna i SFO.

Prosjektgruppa støttar elles dei vurderingane Norconsult har gjort om kvalitet, ressursutnytting, kompetanse, læringsmiljø og utvikling.

Å samle heile det store og gode laget av lærarar, leiarar og andre tilsette i barneskulane og SFO, vil kunne gi betre høve for å gi alle elevane eit likeverdig og godt opplærings- og SFOtilbod.

Eit lærarlag som samla vil kunne dekke god kompetanse i musikk, like mykje som i matematikk. Og eit lag av lærarar og andre tilsette som får gode tilhøve for å gjere for- og etterarbeid åleine og saman med andre på arbeidsplassen.

Ikkje minst trur prosjektgruppa at ein felles barneskule kan gjere det enklare å jobbe med den overordna målsetting «frå eg til me.»

Med alle på eit lag er uheldig konkurransekultur og snakk om «dei» og «oss» historie, noko som kan få ein effekt langt utanfor skuleveggane. Skulen er eit spegelbilde av samfunnet, men har også høg påverknad i samfunnet.

Prosjektgruppa er samde om at ein ny, felles barneskule samstemmer mest med den gjennomførte barns beste vurderinga, og legg forholda godt til rette for å innfri ambisjonane i framtidsbiletet.

Kommunedirektøren stiller seg bak prosjektgruppa sine vurderingar om framtidig organisering av barneskule, og tilrår kommunestyret å gjere vedtak i tråd med dette.

I høyringa ber me om innspel til følgjande:

Barnehage:

Er de samde i kommunestyret sitt forslag til framtidig organisering av barnehage, alternativ 0 +, som inneber ei oppgradering av dei kommunale barnehagane?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

Dersom nei, kva forslag ønskjer de:

- Dagens organisering (utan oppgradering)
- Leggje ned Leabøen barnehage
- Leggje ned Rustå barnehage
- Byggje på Veslefrikk barnehage, og leggje ned Leabøen og Rustå barnehage
- Andre alternativ (bruk kommentarfelt)

Kommentar

Barneskule:

Er de samde i kommunestyret sitt forslag til framtidig organisering av barneskule, som inneber ein felles barneskule?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

Dersom nei, kva forslag ønskjer de:

- Dagens organisering
- Dagens organisering +
- Ein felles barneskule fordelt på to bygg, 1. – 4.klasse og 5. – 7.klasse
- To barneskular som 1. – 7.skular
- Andre alternativ (bruk kommentarfelt)

Kommentar

Kommunedirektøren vurderer at det særleg av pedagogiske, men også av økonomiske omsyn, er behov for å gjere grep i skulestrukturen, før ein ny skule kan stå klar.

Derfor tilrår kommunedirektøren ei omstilling til ny struktur i to steg, med innføring av strukturmodell 2 a frå og med skuleåret 2025-26.

Det er viktig å merke seg at tiltak 2a ikkje har vore grundig drøfta i prosjektgruppa, og det er delte meininger i prosjektgruppa om dette alternativet. Å innføre endring av skulestruktur i to steg, har heller ikkje vore drøfta i prosjektgruppa.

Kommunedirektøren er særleg oppteken av at ein ved å innføre alternativ 2a kan få samla ressursar og kompetanse til tidleg innsats og særskilt språkopplæring, slik at ein i større grad kan gi alle elevar eit likeverdig og godt tilbod.

Ved å samla årskulla av elevar kan ein også få ei god fordeling av elevar i klassane, både med omsyn til fordeling av tal elevar, kjønn og behov.

Ein får i høgare grad samla lærarane sin kompetanse ved å samle dei på to skular, enn det ein gjer med dagens struktur.

Lærarane som har klassar på same trinn, får tilsvarande høve for samarbeid som dei vil få i ein felles skule.

Erfaringane som er henta inn frå Stangaland skule i Karmøy viser også at kvart trinn «er som ein skule i seg sjølv.» Dei fleste dagane er det naturleg at lærarane samarbeidar på alderstrinnet.

Det er likevel viktig, og mogleg, å sjå på kompenserande tiltak som felles utviklingsmøter, planleggingsdagar, rotasjon av lærarar mellom småtrinnet og mellomtrinnet, opplegg med besøk i mellomtrinnskulen for 4.klasse m.m, for å sikre ein trygg og god overgang for alle barna frå småtrinnet til mellomtrinnet. Dette har skulane gode erfaringar med frå overgangen barnehage til barneskule.

I alternativ 2 a vil også SFO bli samla som ei ordning, og ei samla gruppe med SFO-tilsette kan i større grad alderstilpassa tilbodet til elevane frå 1. – 4.klasse.

Norconsult har ikkje henta inn erfaringar frå fådelte skular. Det er kjend at dette er ei driftsform som nokon lukkast med, mens andre strevar med denne. Saudaskulen har heller ikkje erfaring med denne driftsforma. Fådelt skule inneber (for det meste) at to og to klassetrinn blir sett saman til ein klasse. Dette inneber at elevane stadig blir sett saman i nye klassar, etter kvart som elevar går over til mellomtrinnet og ungdomsskulen. Fådelt skule kan derfor gi mange overgangar i relasjonar for elevane, noko som kan vere særleg sårbart for elevar med særskilte behov.

Utan å gjere grep før ny skule står klar, kan det bli behov for meir fådeling av klassar, grunna få elevar, og/eller val av målform.

Kommunedirektøren vurderer at alternativ 2 a gir færre byte av relasjonar for elevane, enn det vil gjere å drive fådelt skule/skular.

Ved å gå over til to skular, kan ein også auka kapasiteten til leing innanfor dei eksisterande ressursane som blir brukt til dette. Norconsult peikar fleire stader i rapporten på at dagens leiarstruktur er sær sårbar, for god utvikling og drift av skulane.

Norconsult sine vurderingar viser også at alternativ 2 a gir ein meir betre modell for skuledrift enn dagens skulestruktur, med omsyn til kvalitet, ressursutnytting, kompetanse og utvikling.

På området læringsmiljø er alternativ 2 a også vurdert som betre på dei fleste område, med unntak av skuleveg og reisetid. Det er kommunedirektøren si vurdering at det er mogleg å setje inn kompenserande tiltak som ei dropsone eit stykke frå skulen, som sikrar at alle elevar får gå deler av skulevegen.

Ei vidare satsing i tråd med sykkelstrategien vil også kunne bidra til trygg og god skuleveg for fleire elevar. Reisetid for elevane i Sauda er, uansett framkomstmiddel, godt innanfor det som er vurdert som akseptabel reisetid til skulen.

Kommunedirektøren ser ikkje at det er mogleg å ta så mykje meir av ressursane innan skule med dagens skulestruktur, utan at det vil ramme kvalitet, kapasitet og kompetanse.

Det pågåande økonomiske omstillingsarbeidet vil også omhandle oppvekst, og kommunedirektøren vurderer at ein mellombels skulestruktur etter alternativ 2 a, vil redusere dei negative konsekvensane av naudsynte innsparingstiltak.

I høyringa ber me om innspel til følgjande:

Er de samde i kommunedirektøren sitt forslag om at ein av pedagogiske og økonomiske omsyn bør gjennomføre endring av skulestruktur i to steg, der eit første steg inneber å samle 1. -4.klasse i eitt skulebygg og 5. – 7.klasse i eitt skulebygg frå skuleåret 2025-26?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

Kommentar:

Kommunedirektøren registrerer at kommunar som har bygd nye skular av denne storleik, har ei høgare kostnadsramme enn det som er Norconsult sine vurderingar. Det er også viktig å merke seg at det er sjølve bygget Norconsult har kostnadsrekna, ikkje det som kjem av kostnadar til tomt m.m.

Av den grunn vil kommunedirektøren tilrå at ein gjer eit grundig forprosjekt som gir realistiske kostnadsrammer for påbygg eller nybygg.

Utover dette ønskjer kommunedirektøren å kommentere diskusjonen som har vore og er kring høyringsperiode og – frist.

Innstillinga i saka er klar ultimo mai. Høyring er sett til primo august. Det gir over to månadar til å skrive ei høyring der alle fakta i saka er kjend.

Kommunedirektøren kan derfor ikkje sjå at det er uforsvarleg å gjennomføre ei høyring i denne tidsperioden. Kommunedirektøren har bedt styrarar og rektorar om å kalle inn samarbeidsutvala i forkant av sommarferien, for å gi samla innspel.

Sauda, den 27.05.2024

Vegard Thise, kommunedirektør